

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 23.02.2017
SAKSHANDSAMAR: Styreleiar Trude Marit Risnes
SAKA GJELD: **Rekruttering av ny administrerande direktør**

ARKIVSAK:
STYRESAK: 006/17

STYREMØTE: 01.03.2017

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret stiller seg bak føreslegen prosess for rekruttering av administrerande direktør og ber tilsettingsutvalet handtere prosessen.

Oppsummering

Jannicke Daae Tønjum gjekk over i ny jobb som Administrerande Direktør i Helse Vest Innkjøp 01.01.2015. Økonomisjef i Sjukehusapoteka Vest, Ola Rye, har sidan 01.11.15 vore konstituert i stillinga. Arbeidet med tilsetting av ny direktør er no starta opp.

Fakta

Utlysing av stillinga har etter at Daae Tønjum slutta avventa utfall av utgreiing av mogleg samanslåing av dei 4 regionale sjukehusapotekføretaka. 12. desember 2016 kom konklusjon at dagens regionale organisering av sjukehusapotekføretak held fram. Styret i Sjukehusapoteka Vest har soleis starta prosess med rekruttering av Administrerande Direktør.

Kommentar

Administrasjonen har etter dialog med eigar og Styreleiar starta arbeidet med å inngå avtale med leverandør av ekstern rekrutteringsbistand.

Prosesen har vore gjennomført etter reglande i Lov om offentlige anskaffelser. Sykehusinnkjøp Divisjon Vest har vore del av arbeid med avropet. Alle byrå med HINAS rammeavtale innan avtaleområdet Toppleder, Search, rekruttering og utvelgelse fekk forespurnad om å sende tilbod, i talet 6 byrå.

Ein fekk tilbod frå fire byrå og alle blei intervjuet 21.02.2017. Styreleiar deltok i intervjuet, og i endelig vurdering av tilboda. Det er i skrivande stund ikkje klart kven som får oppdraget. I høve til den gjeldande planen for arbeidet vil annonsering starte i mars månad.

Styret set ned eit tilsettingsutval bestående av styreleiar og tre av styremedlemmane, av dei eit medlem vald av og bland dei tilsette.

Konklusjon

Arbeidet med å rekruttere Administrerande direktør er starta, og mål er å tilsette administrerande direktør innan 30. juni 2017. Frem til ny direktør tiltrer held konstituering av Ola Rye fram.